

RÅDSDIREKTIV 94/72/EF**av 19. desember 1994****om endring av direktiv 91/439/EØF om førerkort(*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til akta om tilmeldingsvilkåra for Kongeriket Noreg, Republikken Austerrike, Republikken Finland og Kongeriket Sverige og tilpassinga av dei traktatane som er grunnlaget for Den europeiske unionen⁽¹⁾ (heretter kalla «tilmeldingsakta av 1994»), særleg artikkel 169,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen og

ut frå desse synsmåtane:

Modellen for førarkort som vert utferda i Finland og Sverige, er eit plastlaminert dokument. Fram til det vert greidd ut om det skal innførast ein annan EF-modell for førarkort, bør Republikken Finland og Kongeriket Sverige ha løyve til å halde fram med å utferde førarkort etter den noverande modellen sin inntil 31. desember 1997. Direktiv 91/439/EØF⁽²⁾ bør difor endrast.

I medhald av artikkel 2 nr. 3 i tilmeldingstraktaten av 1994 kan organa til Det europeiske fellesskapet før tilmeldinga gjere dei tiltaka som er nemnde i artikkel 169 i tilmeldingsakta, og desse tiltaka skal ta til å gjelde med atterhald for at og frå den datoen då den førnemnde traktaten tek til å gjelde -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:**Artikkel 1**

I artikkel 1 nr. 1 i direktiv 91/439/EØF vert følgjande punktum lagt til:

«Republikken Finland og Kongeriket Sverige kan imidlertid fortsette å utstede førerkort etter sin nåværende modell inntil 31. desember 1997.»

Artikkel 2

Dette direktivet skal ta til å gjelde med atterhald for at og frå den datoen då tilmeldingstraktaten av 1994 tek til å gjelde.

Artikkel 3

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. desember 1994.

For Rådet

K. KINKEL

Formann

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 337 av 24.12.1994, s. 86, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 8/97 av 10. mars 1997 om endring av EØS-avtalens XIII (Transport), se denne utgaven av De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. C 241 av 29.8.1994, s. 21.

(²) TEF nr. L 237 av 24.8.1991, s. 1.